



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

Uttale til søknad om nydyrkning - Alver - 493/3 - Straume - felt 1

Vi viser til søknad om nydyrkning av 49 dekar på gbnr. 493/3, Straume i Alver kommune. Hovuddelen av arealet er klassifisert som myr

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrkning skal nydyrkning gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskriften også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkningstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkninga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrkning og vi har følgjande merknader:

Det aktuelle arealet er del av ei myr på totalt 90 dekar som er klassifisert som djup myr i NIBIO sitt myrkart.

Det kan sjå ut til at områda har verdi for fuglelivet, mellom anna er trua arter som storspove og vipe registrert her. Dette er artar som hekkar i slike opne område, men som ikkje vil trivst i eit fulldyrka område med intensiv drift. Dette er tilhøve som må avklarast når søknadane skal handsamast etter naturmangfaldlova.

2. Juni blei "forskrift om nydyrkning" endra, slik at nydyrkning av myr no ikkje er tillate. I særskilte høve er det mogleg å gje dispensasjon frå dette forbodet. Dersom dispensasjonssøknaden fell inn under eit av dei særlege tilfella som er nemnt i forskriften, kan det likevel berre gjevast dispensasjon når behovet for tiltaket er meir tungtvegande enn omsynet til natur- og kulturlandskap og omsynet til klima.

Generelt vil vi òg presisere at om det skal gis dispensasjon frå forbodet, må søker dokumentere at nydyrkninga er av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta. Dette inneber at dispensasjon frå



forbodet berre kan gjevast i dei tilfelle der søkeren er avhengig av nydyrkning som omsøkt for å fortsette si verksemd, og det ikkje finns andre alternativ.

Vi vil minne om at nydyrkningstiltak som er mindre enn 50 dekar også skal vurderast om tiltaket skal konsekvensutgreiast, dersom det ikkje kan utelukkast at tiltaket kan få vesentleg verknad for naturmangfaldet eller for andre viktige miljøomsyn jf. § 6 i nydyrkingsforskrifta.

Vi ber om å få tilsendt kopi av kommunen sitt vedtak.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
assisterande landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent